



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Naturutvalet  
**Møtedato** 04.12.2018  
**Møtetid:** Kl. 16.00 - 17.30  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av x medlemmer møtte x, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	A
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	BL
Martin Haugen	BL
Ingvild Raftevoll Bogevik	FRP
Karl Bård Kollbotn	FRP
Sture Tveit	H
Gunn Totland Moss	KRF
Jon Magne Bogevik	UAVH

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Vidar Tveiterås	A	Ingen	

### Møtenotater:

#### Andre som var tilstades på møtet:

- Ass.rådmann Hilde-Lill Våge
- Planleggar Roald Aandalh
- Kulturleiar Meline Haugland
- fungerande ordførar Øyvind Røen (Sp)

#### Protokollmerknad frå Karl Kolbotn (Frp)

##### Sak nr. 019/2018 - Dispensasjon frå byggegrense mot nabo Gnr 18/49

I sak 019/2018 vil Samnanger FrP føre til følgende protokolltilførsel:

« Det er stor uenighet mellom grunneier på GBNR 18/49 og Samnanger kommune. Leder av utvalg føler seg presset av Samnanger kommune til å godkjenne: [«Med heimel i pbl. §19-2 gjevast det dispensasjon frå pbl.§ 29-4 avstandskravet 4 meter frå nabogrense på gnr/bnr 18/11. -Det skal ikkje byggjast nærere enn 1 meter frå nabogrense til gbnr 18/11, jf. vedlagte planteikning»](#).

Leder av utvalget mener det er store utfordringer med at det ikke er inngått en avtale med grunneier av GBNR 18/49 og at sak 019/2018 ikke skulle vært vedtatt av Naturutvalget 04.12.2018. Det er i et område med forventet fortetting ikke tatt hensyn til at det vil være vesentlig forringing av verdien på eiendommen - når det ikke kan bygges nærmere enn 7 meter fra grensen. Dette kan bety økonomiske tap for grunneier. Dette er ikke Samnanger kommune villig til å erkjenne, som det fremgår av sakspapirene. Det foreligger et tilbud om: [«Kompensasjonen var at kommunen ville avstå grunn ved å frådele grunn til 18/49 sin tilkomstveg \(om lag 125m2\)»](#). Slik leder av utvalget forstår har grunneier bruksrett til vegen og vel således ikke interesse av de 125 m2 som er tilbudt.

I tillegg har grunneier av GBNR 18/49 kommet med et pkt. 5 i sin nabomerknad: «[For evt. ombygging av bekk må undertegnede involverast](#)». Dette har Samnanger kommune unnlatt å svare på i søknaden om dispensasjon fra byggegrense mot nabo, da dette vil involvere arbeid på hans eiendom.

Så grunnlaget for vedtaket inneholder ikke nok informasjon etter FrP sin mening til at de folkevalgte kan gjøre en konklusiv behandling i denne saken og saken burde ikke vært oppe til behandling før avtaler med grunneier er på plass.»

Samnanger FrP, v/Karl B. Kollbotn

<b>Møteleiar:</b>	Karl Bård Kollbotn
<b>Møtesekretær:</b>	Hilde-Lill Våge

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 05.12.2018

---

Karl Bård Kollbotn  
leiar av utvalet

---

Hilde-Lill Våge  
assisterande rådmann

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
018/2018	18/1740	Faste saker	
019/2018	18/838	Dispensasjon frå byggjegrænse mot nabo på GBNR 18/49	
020/2018	18/572	Rullering av handlingsprogram og prioritering av spelemiddelsøknader	
021/2018	18/1730	Heilskapleg ROS-analyse for Samnanger kommune	
022/2018	18/1041	Stadfesting av planprogram for detaljreguleringsplan for Høysetervegen 136, gnr. 35 bnr. 4 m.fl.	

## **SAKNR. 018/2018: Faste saker**

### **04.12.2018 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Utvalet fekk spørsmål om å handsame tilleggssak 22/18- Stadfesting av planprogram for Børdalen. Sture Tveit (H) synast det var seint å få saka direkte til handsaming i møtet. Utvalet slutta seg likevel til å sette sak 22/18 på saklista.

### Orienteringar:

Orientering om Børdalen vert gjeven under handsaming av sak 22/18

Planleggar R.Aandal orienterte og delte ut utkast til rapport vedk muligheitsstudie for veg til Hagabotnane i møtet. Endeleg rapport kjem opp til handsaming i naturutvalet sitt møte over nyttår. Kommunestyret skal då ta stilling til vidare handsaming med evt. val at trase og reguleringsplan for denne.

Ass.rådmann orienterte om at eigar av Løe i Hagabakkane er tilskreve og beden om å gje tilbakemelding på kva utbetringstiltak som vil verte sett i verk.

### Utvalet sitt kvarter:

Jon Magne Bøgevik (Uah) stilte spørsmål om kva tankar kommune har vidare med anleggskaja i Rolvsvåg. Ass.rådmann bad om å få komme tilbake med svar til neste møte.

Sture Tveit (H) bad om å få status for rettsaka kommunen har med Rolvsvåg Industrihamn v/Øystein Hansen. Ass.rådmann orienterte om at dette vil verte gjeve i kommunestyret den 13. desember.

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) stilte spørsmål om status for raset som gjekk i Hagabakkane. Ass.rådmann orienterte om at Teknisk drift har sett inn tiltak med ekstra sjekk og grundig grøfterens når det er meldt mykje nedbør. Vegen har fått høg prioritet i Teknisk drift sitt kontinuerlege vedlikehald og det er vurdert tiltak som kan gje betre permanente løysingar for å hindre nye ras.

### **NAT- 018/2018 Vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med tilleggssak 22/18.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

## SAKNR. 019/2018: Dispensasjon frå byggjegrænse mot nabo på GBNR 18/49

### 04.12.2018 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Framlegget vart vedteke med 7 mot 1 røyst.

For framlegget til rådmannen	Imot framlegget til rådmannen
Gunn Østvik Petersen (Ap)	Karl Kolbotn (Frp)
Ingvild Bøgevik (Frp)	
Jan Magne Bøgevik (Frp)	
Sture Tveit (H)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Anja Elisaberg Gjerde Markhus (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	

Karl Kolbotn (Frp) sette fram merknad til protokollen, sjå møtenotater.

### NAT- 019/2018 Vedtak:

Samnanger kommune gjev med heimel i pbl. §19-2 dispensasjon frå pbl.§ 29-4 avstandskravet 4 meter frå nabogrense på gnr/bnr 18/11.

Kommunen vurderer konsekvensane for 18/49 til ikkje å vere vesentleg større enn ein må pårekne i eit område for fortetting. Kommunen finn heller ikkje at omsynet til pbl. §29-4 vert vesentlig sett til side på grunn av at konsekvensane er små. Fordelane knytt til nærskap til viktige målpunkt for brukarar av omsorgsbustadene vurderast å vere vesentleg større enn ulempene ved utbygginga.

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

-Det skal ikkje byggjast nærere enn 1 meter frå nabogrense til gbnr 18/11, jf. vedlagte planteikning.

*Vedtaket kan pålagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.*

*Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket.*

*I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva som er endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i pbl. §19-2 gjevast det dispensasjon frå pbl.§ 29-4 avstandskravet 4 meter frå nabogrense på gnr/bnr 18/11.

Kommunen vurderer konsekvensane for 18/49 til ikkje å vere vesentleg større enn ein må pårekne i eit område for fortetting. Kommunen finn heller ikkje at omsynet til pbl. §29-4 vert vesentlig sett til side på grunn av at konsekvensane er små. Fordelane knytt til nærskap til viktige målpunkt for brukarar av omsorgsbustadene vurderast å vere vesentleg større enn ulempene ved utbygginga.

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

-Det skal ikkje byggjast nærere enn 1 meter frå nabogrense til gbnr 18/11, jf. vedlagte planteikning.

*Vedtaket kan pålagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.*

*Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket.*

*I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva som er endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

## **SAKNR. 020/2018: Rullering av handlingsprogram og prioritering av spelemiddelsøknader**

### **04.12.2018 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **NAT- 020/2018 Vedtak:**

Samnanger kommune vedtek handlingsprogrammet for 2019 og prioriterer søknader om spelemidlar til ordinære anlegg i denne rekkefølga:

1. Kunstgrasbane
2. Friidrettsanlegg
3. Bjørkheim friluftsområde

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune vedtek handlingsprogrammet for 2019 og prioriterer søknader om spelemidlar til ordinære anlegg i denne rekkefølga:

1. Kunstgrasbane
2. Friidrettsanlegg
3. Bjørkheim friluftsområde

## **SAKNR. 021/2018: Heilskapleg ROS-analyse for Samnanger kommune**

### **04.12.2018 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Framlegget vart samrøystes vedteke

### **NAT- 021/2018 Vedtak:**

Med heimel i §14 i lov om kommunal beredskapsplikt legger Samnanger kommune «Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse» ut til offentleg ettersyn.

Samnanger kommune vedtek reviderte akseptkriteriar med tilhøyrande risikomatrisar.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i §14 i lov om kommunal beredskapsplikt legger Samnanger kommune «Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse» ut til offentleg ettersyn.

Samnanger kommune vedtek reviderte akseptkriteriar med tilhøyrande risikomatrisar.

**SAKNR. 022/2018: Stadfesting av planprogram for detaljreguleringsplan for Høysetervegen 136, gnr. 35 bnr. 4 m.fl.****04.12.2018 Naturutvalet:**

Handsaming i møtet:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Fungerande ordførar, Ø.Røen, bad om at i vedtak til kommunestyret bør det gå fram at det er Samnanger kommune som gjer vedtak. Utvalet slutta seg til korrigeringa.

Utvalet slutta seg og til at det vert lagt inn meir utfyllande vurderingar/oppsummering i saksutgreiinga som går til kommunestyret.

**NAT- 022/2018 Vedtak:**

Samnanger kommune vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 4-1 og § 12-9 planprogram for «*detaljregulering av Høysetervegen 136, Gnr. 35 bnr. 4, Børdalen Næringsområde*», revisjonsdato, 29-11.2018 fastsett av Samnanger kommunestyre.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 4-1 og § 12-9 vert planprogram for «*detaljregulering av Høysetervegen 136, Gnr. 35 bnr. 4, Børdalen Næringsområde*», revisjonsdato 29.11.2018, fastsett av Samnanger kommunestyre.